Tone: Millom bakkar og berg.

No vi helsar velkomen av hjarta
hertil bords i vårt Bondekvinnelag.
Det er 10 år i år, si vi starta,
og vi lever i nøgd for kvar dag.

Her ligg Englefjell glitrande over
som ei lyfting i kvardagens kav.
Her er fjelldrag og stupbratte nover.
Og ein rikdom oss lagnaden gav.

Når det lyser av blømande hagar
då er dalen vår fager som få.
Det er sæle og solfylte dagar
då vi gløymer at verdi er grå.

Kjære vener! Velkomen til veitla,
til eit måltid i saman med oss.
Det er einfelde kost vi har etla,
men vi vonar han smakar Dykk godt.

Det er pølse og stappa og kaffi,
som vi byd våre gjester i dag.

Og vi vonar humöret De kjem med.
vil gji stemning og fest i vårt lag.

Her er framsteg på svart alle banar,
her gjeng mannen si breidspora fyrst.
Så kjem kvinna, og ingen oss stanar
vi kjem lakkande etter med lyst.

Men i framgangens stormande tider
vil me vyrdsla vår storgjæve arv.
me vil minnast i stortöke rider
denne ætti som levde - og kvarv.

Ja, ja, - måtte det innderleg smaka.
våre vener frå bygdene her, -
Gjev de vil no av rettane taka.
så De ara på kokkane gjer.!